



ORGEL TONER
i en sommerkveld
ORGEL KONSERT



I USKEDALEN KYRKJE
MANDAG, 20. AUGUST
kl. 19.00

Alle er velkomne til konserten Orgeltonar i ein sommerkveld.

Kantor Eva Megyesi ligg ikkje på latsida. Ho har alt gjennomført fleire sommarkonsertar i Kvinnherad. No er turen komen til Uskedal kyrkje, måndag 20. august kl. 19. Det vert orgelkonsert med framføringar frå heile fire komponistar. Mannsgruppa Bakmennene er på plass. Nytt er det at Rustne Menn står fram med to songar som høver til plassen og årstida.

Eva Megyesi vil denne kvelden ta fram orgelstykket skriven av Chr. M. Widor, G. Beller, G.F. Handel og J.S. Bach. Kantoren kallar konserten: Orgeltonar i ein sommerkveld.



Kantor Eva Megyesi har regien og vil framføra orgelstykke av fire komponistar.

Mannsgruppa Bakmennene vil framføra to salmar frå Salmeboka og Åndeleg sjømannssong, skriven av Jakob Sande, henta frå den siste diktsamlinga Det kveldar på Kobbeskjer (1961).

Song- og musikkgruppa Rustne Menn har mellom anna funne fram den folkekjære songen Anna Lovinda av Erik Bye, Erik Bye fekk inspirasjonen til visa med bakgrunn i namnet Anna Lovinda på ein gravstein i fiskarlandsbyen Westport på den amerikanske vestkysten. Han skreiv teksten og song den inn på plate på 1950 talet. Mange minnest songen, særleg frå Ønskekonsernten.

Det er gratis inngang på konserten Orgeltonar i ein sommarkveld. Alle er hjarteleg velkomne til ei musikalsk oppleving i kyrkja måndag, 20. august. kl. 19.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elin Stene/ Kristian Bringedal (Arkivfoto)



Mannsgruppa Bakmennene vil framføra to salmar og Åndeleg sjømannssong av Jakob Sande.